



INDIVIDUELL PLAN

Om du har behov for langvarige og koordinerte helse- og/eller sosiale tenester, har du rett til å få utarbeida ein individuell plan om du ønskjer det.

Retten er uavhengig av diagnose og alder, og gjeld sjølv om du berre mottek tenester frå eit forvaltningsnivå, til dømes kommunen.

Individuell plan er eit dokument som skal fungera som eit verktøy/verkemiddel for å syta fro samarbeid mellom brukar, hjelpeapparat og ulike tenesteområde.

Planen skal sikre at brukaren får eit samanhengande tenestetilbod og gje oversyn over dette. Ansvarsfordelinga mellom dei ulike instansane som brukaren tek imot tenester frå, og mellom brukar og tenesteytar, skal koma tydeleg fram. Det er brukarens eigne mål som skal vera styrande i planen og leggjast til grunn når ein treff tiltak.

Planen skal ha spesielt fokus på overgangar i livet, som til dømes barnehage – barneskule – ungdomsskule, flytting til eigen bustad osb.

Den individuelle planen gjev ikkje tenestemottakaren større rett til helse- og/eller sosiale tenester enn det som følgjer av regelverket, men det gjev brukaren eit oversyn over sitt tenestetilbod og gjev ein klar ansvarsfordeling.